



NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET

Tilstandsrapport 2004

Forenkling og tilrettelegging for næringslivet

Regjeringas handlingsplan for Eit enklare Noreg

• Regelverket skal
til ei kvar tid vere
oppdatert

• DET OFFENTLEGE SKAL ALDRI
BE OM FLEIREOPPLYSNINGAR ENN DEI
SOM FAKTISK BLIR BRUKT

• Regelverket
må utformast
slik at det er
mogleg for
næringslivet
å etterleve,
både en-
keltvis og
samla


eit
enklare
Noreg

• Norsk offentlig tenesteyting
skal vere eit konkurransefortrim
internasjonalt

• Det offentlege skal tilby enklare
mogleg rapporteringsmåte

• Næringslivet skal oppleve forvaltninga
som ryddig og ubyråkratisk


• Det skal vere eit rimeleg forhold mellom den nytten det offentlege
har av rapporteringa og den byrda som blir pålagt dei næringsdrivande



Regjeringas handlingsplan for Eit enklare Noreg: *Forenkling og tilrettelegging for næringslivet* vart lagt fram i oktober 2002. Året etter kom *Tilstandsrapport 2003*.

Forenkling og tilrettelegging er eit av områda i arbeidet med *Moderniseringsprogrammet: Brukarretting, effektivisering og forenkling*. Nærings- og handelsdepartementet har hovudansvaret for å koordinere moderniserings- og forenklingsarbeidet overfor næringslivet.

Forord



Forenkling og tilrettelegging for næringslivet er ei næringspolitisk hovudsak for regjeringa. Målet er at norsk regelverk skal vere minst mogleg ressurskrevjande å etterleve og framstå som ein fordel for bedrifter lokalisert i Noreg.

Eit godt utforma regelverk og gode offentlege tenester er med på å gi føreseielege og gode rammevilkår. Det vil også fremje entreprenørskap og innovasjon i samfunnet. Bedriftene kan bruke meir av si tid på produksjon og utvikling, og mindre på administrasjon. Slik kan vi ta vare på og vidareutvikle dagens velferdssamfunn.

Internasjonalt ser vi også ei auka satsing på forenkling. Dette er viktig, fordi ein stadig større del av det norske regelverket, og særleg det som gjeld næringslivet, er internasjonalt basert eller vedteke. Dette gjer at vi i forenklingsarbeidet framover ikkje berre vil ha fokus på norske reglar og ordningar, men også på forenklingspotensialet i EØS-regelverket, til dømes når det gjeld statistikk-krav som skriv seg frå EU. Gjennom auka internasjonalt samarbeid vil vi også få fram gode innspel til tiltak vi bør gjennomføre i Noreg.

Utfordringa i dette arbeidet er å finne og gjennomføre dei tiltaka som monnar mest. Derfor har vi sett i gang eit arbeid med å måle næringslivets administrative kostnader ved regelverk, for å kartlegge kva for delar av regelverket som er mest belastande.

Også det viktige arbeidet i Orakel med å sikre betre konsekvensvurderingar, for slik å kome etterpåklokskapen i forkjøpet, skal vidareførast.


Arbeidet med å gjere Noreg enklare må gjerast i samarbeid med næringslivet. Vi har nyleg etablert Forenklingsskanalen, ein nettstad der næringslivet sjølv kan tipse oss om korleis ein kan gjere regelverk og andre tenester betre. Brukarmedverknad er også eit av satsingsområda i denne tilstandsrapporten.

Eg er imponert over alt det gode forenklingsarbeidet som er i gang i forvaltninga. Det går rette vegen, det viser mellom anna dei gode resultatane for tiltaka i Eit enklare Noreg-planen og belastningsstatistikken frå Oppgåverregisteret. Ein reduksjon i gjennomsnittleg skjemabelastning på næringslivet på 15 pst. frå 1998 til i dag er eit langt steg i rett retning.


Men det står enno mykje att. Her må også vi som er politikarar ta vår del av ansvaret framover. Saman skal vi finne dei områda og gjennomføre dei tiltaka der det monner mest – dei som betyr noko for næringslivet i praksis!

29. november 2004

Børge Brende
nærings- og handelsminister



Innhold



Forord.....	3
1. Prinsipp for forenklingarbeidet	6
2. Resultat 2003-2004	7
2.1 Status tiltaksplan	7
2.2 Dei prioriterte innsatsområda	7
2.2.1 Konsekvensvurderingar	7
2.2.2 Elektronisk innrapportering	9
2.2.3 HMS-området	10
2.2.4 Plan- og bygningslovområdet.....	10
2.2.5 Etterkontroll	11
2.3 Vurdering av resultata.....	12
3. utfordringar og vidare arbeid	14
3.1 Generelt	14
3.2 Prioriterte innsatsområde	16
3.2.1 e-tenester til næringslivet	16
3.2.2 Måling av regelverksbyrder	18
3.2.3 Brukarmedverknad	19
3.2.4 Oppfølging av eksisterande innsatsområde	19
3.3 Om tiltaksplanen	20
Tillegg	23
Måling av næringslivets kostnader ved regelverk	23
Orakel - eit kompetansesenter for konsekvensvurderingar	27

Vedlegget, *Tiltaksplan 2004-2005* (med resultatrapport 2003-2004) ligg på www.nhd.no/forenkling.

1. Prinsipp for forenkling- arbeidet

Dei fleste norske næringsverksemdar er små og mellomstore. Eit overordna prinsipp ved utforming av regelverk, innrapporteringsystem og andre administrative tenester må derfor vere å tilretteleggje desse slik at dei er tilpassa små og mellomstore bedrifter. Då vil også dei større bedriftene få ei enklast mogleg ordning.

Prinsipp for regelverksarbeidet

- Vi skal ha eit regelverk der kostnadene for næringslivet kan forsvarast ut frå nytten for samfunnet
- Regelverket skal til ei kvar tid vere oppdatert og gi uttrykk for reelle behov
- Regelverket må utformast slik at det er mogleg for næringslivet å etterleve, både enkeltvis og samla

Prinsipp for arbeidet for å redusere innrapporteringsbyrdene for næringslivet

- Det offentlege skal aldri be om fleire opplysningar enn dei som faktisk blir brukt
- Den næringsdrivande skal aldri måtte rapportere same opplysning meir enn ein gong
- Det offentlege skal tilby enklast mogleg rapporteringsmåte
- Det skal vere eit rimeleg forhold mellom den nytten det offentlege har av rapporteringa og den byrda som blir pålagt dei næringsdrivande

Innanfor offentleg sektor skal vi arbeide for

- At næringslivet opplever forvaltninga som ryddig og ubyråkratisk, og norsk offentleg tenesteyting som eit konkurransefortrinn internasjonalt
- Best mogleg samspel i kontakten mellom offentleg sektor og næringslivet

2. Resultat 2003-2004

Lanseringa av Altinn som ei samla løysing for innrapportering frå næringslivet til det offentlege er det største enkeltprosjektet som blei gjennomført i førre periode, og truleg også det som gjeld flest næringsdrivande. Altinn vart opna i januar, og til no har om lag 2 mill. skjema gått gjennom systemet. Frå mai 2004 er ansvaret for Altinn permanent lagt til Brønnøysundregistra.

Mange tiltak er sett i verk for å møte ei av hovudutfordringane i forenklingsarbeidet: Å finne dei gode tiltaka som gir effekt for dei næringsdrivande. Viktigast her er oppstarten av målingsprosjektet; ein internasjonal brukt metode for å måle dei administrative byrdene som næringslivet har knytt til eit regelverk.

Den nye Forenklingskanalen gir næringslivet ein enkel kanal for å gi innspel og råd til forvaltninga på forenklingsområdet.

Det er arbeid godt på mange område, og totalresultetet viser det: I alt 80 pst. av tiltaka i Tiltaksplan 2003-2004 er gjennomført eller er i arbeid etter opphavleg tidsplan.

2.1 Status tiltaksplan

Resultatet av arbeidet med dei 108 tiltaka kan oppsummerast slik:

Av dei 108 enkelttiltaka er 87, det vil seie 80 pst., gjennomført eller i arbeid etter opphavleg tidsplan. Dei fleste andre tiltaka er under arbeid og er, eller vil bli, noko etter opphavleg tidsplan. Ingen tiltak er lagt vekk utan å vere gjennomførte.

Det er dei enkelte fagdepartementa som er ansvarlege for rapporteringane på enkelttiltaka. Status på kvart enkelt tiltak finn du i del II (Tiltaksplan 2004-2004 med resultatrapport 2003-2004).

2.2 Dei prioriterte innsatsområda

Følgjande fem område har vore særleg prioritert i 2003-2004, så vel som i 2002-2003. Dette er område der det har vore behov for ein særleg innsats:

2.2.1 Konsekvensvurderingar

Etter utgreiingsinstruksen skal det ved forslag til offentlege reformar, regelverk og andre tiltak alltid liggje føre ei konsekvensutgreiing. Alle økonomiske, administrative og andre vesentlege konsekvensar av forslaga skal vurderast på førehand, medrekna også konsekvensar for næringslivet.

Erfaringar har vist at dagens konsekvensvurderingar er svært ujamne i kvalitet og til dels mangelfulle. Dette gjeld særleg konsekvensar for næringslivet. Ei satsing på dette området er viktig for å kome etterpåkløskapen i forkjøpet. Vi må vite meir om konsekvensane av forslag, slik at vi på førehand kan tilpasse både reglar og andre tiltak for å oppnå dei verk-
nadene vi ønskjer, og om mogleg unngå dei negative. Dette må gjerast tidlegast råd i pro-
sessen, då blir arbeidet mest effektivt og målretta.

Dette er bakgrunnen for at konsekvensvurderingar er innsatsområde i Eit enklare Noreg-ar-
beidet. Hovudsatsinga på området er oppbygging og styrking av Orakel-gruppa i Nærings-
og handelsdepartementet som eit kompetansesenter for vurdering av konsekvensar for
næringslivet.

Nærings- og handelsdepartementet har i år etablert Orakel som ein fast funksjon i de-
partementet. Orakel gir opplæring i praktisk gjennomføring av konsekvensvurderingar og utviklar verktøy til bruk for dette. Senteret legg vekt på gode eksempel og meir kontakt mellom departementa, og gir praktisk hjelp i førebuingane til arbeid med nye reglar og reformar.

Orakel er aktive i å utvikle og legge til rette for bruk av enkle verktøy. Brukarundersøkingar er gjennomført både med bedriftspanel og med fordjupingsintervju. Føretaksstatistikken er utvikla som eit verktøy som forvaltninga kan nytte for å for å talfeste kven og kor mange som blir berørt av ulike forslag.



Orakel er eit kompetansesenter for konsekvensvurderingar i Nærings- og handelsdepartementet. Senteret tilbyr:

- Hjelp til utgreiingar i saker der næringslivet kan bli berørt
- Opplæring i metode og praktisk brukarorientering
- Verktøy
- Nettverk


Oppslutninga om opplæringstilbodet i analysemetode og kunnskap om statistisk utval er god. Det siste året er det gjennomført opplæring for om lag 300 tilsette i departement og etatar. Tilbakemeldingane viser både at det er stor interesse for emnet og at det er behov for opplæring. Det er særleg stor interesse for praktiske eksempel på tiltak og gode verktøy for å få fram konsekvensar. (Sjå elles tillegget bak: Rapport om arbeidet i Orakel.)

Arbeidet med konsekvensvurderingar er på dagsorden fleire stader. Dei viktigaste miljøa er i Finansdepartementet og i Moderniseringsdepartementet. Den nyetablerte økonomiske analyseininga ØKAN i Moderniseringsdepartementet skal m.a. støtte arbeidet med samfunnsøkonomiske analyser i samband med saker i departementsfellesskapet. Dette er med på å auke det generelle fokuset på og kompetansen om konsekvensvurderingar generelt. Det same gjeld arbeidet i Finansdepartementet med å utarbeide ei samla rettleiing om arbeidet med konsekvensvurderingar. Moderniseringsdepartementet er i sluttfasen av arbeidet med ei rettleiing i utgreiingsarbeid for leiarar og saksbehandlarar i sentralforvaltninga.

Utvikling og ibruktaking av den nye metoden for måling av næringslivets administrative kostnader ved regelverk, standardkostnads-modellen (SKM, sjå nærare under pkt. 3.2.2), vil også kunne brukast som eit verktøy for å betre beslutningsgrunnlaget for nytt/endra regelverk. Er det først gjort ei basismåling av det aktuelle regelverket, kan vi på ein relativ rask og enkel måte gjere ei ny måling når det kjem endringar i regelverket, for å sjå om endringane har ført til endringar i dei administrative kostnadene for næringslivet. Det vil også vere mogleg å bruke målingane som grunnlag for å vurdere ulike forslag til endringar i regelverket, for å sjå kva effekt endringane vil ha på kostnadene.

2.2.2 Elektronisk innrapportering

Overgang til elektronisk innrapportering er det viktigaste verktøyet i arbeidet for å redusere næringslivets innrapporteringsbyrder. Derfor har dette vore eit prioritert område frå 2002.

 altinn
- enklere rapportering til det offentlige

Tal skjema tilgjengelege gjennom Altinn:
Over 85 skjema. (Om lag 66 pst. av den totale skjemabelastninga på næringslivet.)

Bruk av Altinn til no:

- Totalt tal skjema frå næringslivet: 2 mill.
- Sjølvmeldinga frå næringsdrivande: ca 40 pst. (nær 50 pst. auke i talet elektroniske innrapporteringar frå i fjor)
- Aksjonærregisteroppgåvene: ca 44 pst
- Momsrapporteringar: fjerde termin 2004: 34 pst. (auke kvar termin)

Altinn – den felles offentlege løysinga for elektronisk innrapportering frå næringslivet til det offentlege blei sett i drift frå januar 2004, etter opphavleg plan. I dag kan over 85 skjema rapportert elektronisk til fire etatar, og om lag 2 millionar skjema har gått gjennom portalen. Over 40 pst. av næringsoppgåvene vart levert gjennom Altinn, ei auke av talet elektroniske innleveringar på nær 50 pst. frå i fjor. Ca 44 pst. av alle aksjonærregisteroppgåvene var levert via Altinn, og talet på elektroniske momsrapporteringar aukar for kvar innrapportering. Innrapportering for siste termin i 2004 viser at 34 pst. av momsoppgåvene vart levert elektronisk. For skjema til SSB og Brønnøysundregistra har bruken til no vore låg. Dette har truleg dels samanheng med dagens sikkerheitsløyning (PIN-kode) og manglande tilpassing til fagsystema.


Det opphavlege Altinn-prosjektet vart avslutta i mai 2004, og ein permanent sentral forvaltningsorganisasjon for Altinn-løysinga ved Brønnøysundregistra overtok ansvaret. Forvaltningsorganisasjonen skal forvalte og vidareutvikle dei ikkje-etatsspesifikke oppgåvene knytt til løysinga. På kort sikt er hovudfokus å sikre god drift og å brukartilpasse løysinga betre. Sentralforvaltninga har vidare ansvaret for å vidareutvikle løysinga og for arbeidet med å få nye brukaretatar med i Altinn. Målsetjinga er at Altinn skal bli den føretrekte rapporteringskanalen for alle offentlige etatar som pålegg næringslivet innrapporteringsplikter, og at Altinn på sikt skal utviklast til å bli næringslivets kontaktpunkt for samhandling med det offentlege. Altinn sentralforvaltning er i dialog med ei lang rekkje etatar, blant dei Rikstrykdeverket, om bruk av Altinn.

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2005 foreslått å løyve 53,7 mill. kroner til Altinn, dvs over ei dobling av løyvinga. Midlane skal i tillegg til ordinær drift, brukartilpassing, og vidareutvikling av løysinga, brukast til innføring og drift av ei løysing for elektronisk signatur (PKI). Målsetjinga er at Altinn i løpet av 2005 skal tilby bruk av elektronisk signatur. Dette er viktig for at fleire skjema (frå dei deltakande etatane og frå andre etatar) kan leggjast inn i denne løysinga.


Det er elles ei rekke mindre tiltak i forvaltninga for å etablere tilbod for elektronisk innrapportering, vi viser her til tiltaksplanen pkt. 3 *Redusere næringslivets byrder ved innrapporteringsplikter.*

Som ei oppfølging av regjeringa sin IKT-strategi for offentlig sektor

Figur 1. Utviklinga i belastninga ved statlege innrapporteringsplikter pr. føretak. Innrapporteringsplikter pr. føretak, i berekna tal timeverk



Figur 2. Resultat av arbeid i dei enkelte etatane for å få til forenkling i næringslivets innrapporteringsplikter, målt i endringar i totalbelastninga pr. år.



frå 2003, der innrapportering, gjenbruk av og tilgang til data er eit prioritert område, vart ein forprosjektrapport om *Arkitektur for elektronisk samhandling i offentlig sektor* lagt fram i juni 2004. Rapporten har vore på brei høyring, og skal no følgjast opp. Her er m.a. gjenbruk av grunndata og utvikling og bruk av felles metadata ("data om data"; viktig for elektronisk kommunikasjon mellom maskiner og for gjenfinning/søking/gjenbruk av informasjon) sentrale tema. I rapporten

blir også behovet for å samordne IT-bruk i statleg og kommunal sektor teken opp.

I løpet av året har det vore fleire møter i brukarforumet for elektronisk innrapportering og samordning. Dette er ein viktig arena for informasjons- og erfaringsutveksling mellom brukarane av elektroniske innrapporteringsløsningar (representert ved næringsorganisasjonane) og forvaltninga, og også mellom ulike etatar.

2.2.3 HMS-området

Regjeringa legg stor vekt på å forenkle helse-, miljø og sikringsområdet (HMS-området), både når det gjeld utvikling av og forenklingar i forskriftsverket, ved å betre tilgangen til regelverket og ved gjennomgang av statlege tilsynsordningar på området. Dette har vore prioritert område frå 2002. Dette er av dei regelverksområda som blir mest kritisert av næringslivet. Området er omfattande regulert, og både regelverket og fagansvaret er sterkt oppdelt, hovudsakleg fordi det har mange ulike føremål (vern av arbeidstakarar, ytre miljø, forbrukarvern osv). Det har vore arbeid med ei rekkje tiltak på området:

- Omstrukturering og samordning av forskrifter på området:
 - Miljøverndepartementet har gjennomført ei omstrukturering av sine forskrifter på miljøområdet (i samsvar med den såkalla NHO-modellen).
 - Arbeids- og sosialdepartementet arbeider med ei tilsvarande omstrukturering av dei delane av regelverket til Arbeidstilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap som rettar seg mot næringslivet. Ny struktur er utarbeidd, og komande år vil det bli arbeid med innhaldet (tilpassing til den nye arbeidsmiljølova).
- Arbeids- og sosialdepartementet arbeider med ny arbeidsmiljølov
- Bransjeretta regelverksinformasjon via Internett: eit prosjekt for å tilretteleggje bransjevis informasjon vart sett i gang i 2004. Desse etatane deltek: Statens Forureiningstilsyn, Arbeidstilsynet, Direktoratet for sikkerhet og beredskap, Næringslivets Sikkerhetsorganisasjon og Mattilsynet.
- Det er vedteke å gjere Arbeidstilsynet til koordinerande etat for all verksemdsretta HMS-tilsyn. Det skal setjast i verk våren 2005.

2.2.4 Plan- og bygningslovområdet

Dette er eit viktig område, både i høve til målet om eit enklare regelverk, og i forhold til målet om ein effektiv offentlig sektor. Planprosessane er blitt kritiserte for å ta for lang tid, byggesaksbehandlingstida har vore for lang og regelverket særleg for byggesaker, er for komplisert. Kritikken har særleg kome etter dei omfattande endringane i 1993.

Eit viktig steg vart teke i 2003 med innføring av saksbehandlingsfristar i både plan- og byggesaker. Frå 1. juli 2004 vart det innført reglar om at byggesaksgebyret skal reduserast dersom kommunen ikkje held saksbehandlingsfristane. Gebyret skal reduserast med 25 pst. for kvar veke saksbehandlinga går ut over fristen. For saker som gjeld private reguleringsforslag blir gebyret som hovudregel tilsvarande redusert med 10 pst.

For å få ei enno raskare og meir effektiv saksbehandling, har regjeringa frå 1. juli 2004 også gjennomført effektiviseringar i plan- og byggesaksbehandlinga for å hindre "omkamp" om spørsmål som alt er avgjort ved tidlegare planprosessar (ot.prp.nr. 31 2003-2004). Lovendringane er basert på forslag frå Planlovutvalet om avgrensingar i bruk av klage og motsegner på same forhold.

Prosjekt *Byggsøk Plan*, ei vidareføring av Byggsøk-prosjektet, er sett i gang med det formål å effektivisere planprosessen hos private og kommunane. Formålet er å etablere elektroniske løysingar som kan vere til støtte i utarbeiding av planar, betre tilgangen til planinformasjon, korte ned saksbehandlingstida, betre kvaliteten på og gjere kommunane si behandling av plansaker meir føreseieleg. Prosjektet skal vere ferdig ved utgangen av 2005.

2.2.5 Etterkontroll

Forskriftsdugnaden, eit prosjekt for opprydding og forenklingar i forskriftsverket, leverte sluttrapporten våren 2002. For å oppretthalda fokus og sikre at framtidig regelverk blir oversiktleg og lett tilgjengeleg, vart det foreslått ei rekkje oppfølgingstiltak. Tiltaka omfatta m.a. spørsmålet om etterkontroll, rettleiing i forskriftsarbeid, elektronisk kunngjering av alle forskrifter og eit sentralt kompetansesenter for forskriftsarbeid. Desse tiltaka er no i hovudsak i sluttfasen.



Regjeringa har vedteke å opprette ei forskriftseining knytt til lovavdelinga i Justisdepartementet. Dette vil vere eit viktig bidrag til eit oppdatert og lett tilgjengeleg forskriftsverk av høg kvalitet. Denne eininga vil også få ei rolle ved vurderinga av spørsmålet om korleis arbeidet med kvalitetssikring av regelverksarbeidet i dei enkelte departementa kan og bør gjerast betre, og i utarbeidinga av ei rettleiing for forskriftsarbeid.

Det er ei sentral målsetjing at regelverket til ei kvar tid skal vere aktuelt og dekkje reelle behov. Regjeringa har vedteke å ta inn eit pålegg i utgreiingsinstruksen om at tidsavgrensing ("solnedgangsklausular") og etterkontroll alltid skal vurderast når lover eller forskrifter blir

gitt eller endra. Arbeidet med oppdatering av utgreiingsinstruksen skal avsluttast hausten 2004.

Statskonsult har laga eit utkast til ei rettleiing om evaluering som er levert Finansdepartementet. Finansdepartementet arbeider no med oppfølging av denne. I rettleiinga i utgreiingsarbeid for leiarar og saksbehandlarar i sentralforvaltninga som Moderniseringsdepartementet vil leggje fram rundt årsskiftet 2004-2005, vil etterkontroll bli omtalt.

Vi ser framleis resultat av forskriftsdugnaden sine initiativ og "idésåing" når det gjeld opprydding i forskriftsverket. HMS-området er alt nemnt. Eit større arbeid med teknisk revisjon og opprydding av regelverket på meirverdiavgiftsområdet er under arbeid.

2.3 Vurdering av resultat


Det er særleg gledeleg at det i år er så god gjennomføring av enkelttiltaka. Det er bra aktivitet på alle innsatsområda. På området *etterkontroll* er det behov for å setje inn meir ressursar for å nå måla.

Det er positivt at ingen tiltak er lagt bort utan å vere gjennomført. I ein del tilfelle held ikkje tiltaka dei opphavlege tidsplanane. Mange av tiltaka krev omfattande prosessar for å gjennomførast, som f.eks. lovendringar eller budsjettvedtak, eller samordning med andre forenklingstiltak. Slik samordning er svært viktig, men tek tid. Dette er eit dilemma som forvaltninga står overfor til dagleg.

Det er svært viktig at det er god interesse for opplæring frå Orakel-gruppa når det gjeld konsekvensvurderingar. Dette er eit svært viktig innsatsområde, og derfor er også Orakel etablert som eit permanent kompetansesenter i Nærings- og handelsdepartementet. Men her er fortsatt utfordringar, og vurderingane av konsekvensane for næringslivet må bli betre. Vi synes vidare å sjå ei positiv endring i haldninga til brukarretting. Større delar av forvaltninga tek næringslivet som brukargruppe på alvor.

Det står ein del att når det gjeld å gjere prinsippa for forenklingssarbeidet (kap. 1) godt nok kjende i alle delar av forvaltninga, og slik få dei til å bli betre følgde. Dei blir m.a. brukt i all opplæring frå Orakel-gruppa i NHD. Det er behov for større innsats her.

Vi må erkjenne at forenklingss- og tilretteleggingsarbeidet er eit langsiktig arbeid. Vi har starta viktige prosessar for å møte utfordringa: Korleis finne dei gode tiltaka. Særleg vil vidareutvikling av målingsprosjektet og av internasjonalt satsing (m.a. i forhold til EØS-regelverk) kunne gi viktige innspel her.



Forenklingsskanalen finner du på www.forenklingsskanalen.no

Næringsministeren har nyleg opna ein ny kanal for innspel til forenklingss- og moderniseringsarbeidet – *forenklingsskanalen* – der næringslivet på ein enkel måte kan gi direkte innspel til problemområde, tips til forbetringar osv, og slik kunne påvirke arbeidet med regelverk og anna. Vi reknar med at denne kanalen både vil gjere det enklare for næringslivet å formidle kva dei opplever som problematisk i kvardagen, og gjere at forvaltninga får fleire gode råd om kvar innsatsen bør setjast inn.

Belastingstala for statlege innrapporteringsplikter som Oppgaverregisteret utarbeider er i dag det einaste talmateriellet vi har som seier noko om utviklinga i forenklingss-

arbeidet. Tala viser berre ein del av den totale belastninga på næringslivet. Det er likevel gledeleg at dette talet, sett i høve til tal næringsdrivande, går sakte men sikkert nedover år for år. Vi har registrert ein nedgang på nesten 15 pst. frå 1998 til i dag.

Det er også i år gjennomført mykje godt forenklingssarbeid som ikkje kjem til syne i denne planen. Tiltak er av ulike grunnar ikkje melde inn, andre tiltak blir gjennomført før dei rekk å



bli del av planen. Tiltaksplanen har likevel ei viktig rolle som pådrivar, som påminnar og som idéutvekslar i forenklingssarbeidet. Fiskeri- og kystdepartementet la i august 2004 fram ein eigen statusrapport: *Enklere hverdag. Modernisering og forenkling i fiskeri- og kystforvaltningen*. Denne gir, med utgangspunkt i regjeringa sine mål om forenkling og modernisering og i prinsippa for forenklingssarbeidet for næringslivet, ei god oversikt over gjennomførte og planlagde tiltak innan marin sektor.

Næringsministeren har jamleg og god kontakt med representantar frå ei rekkje næringsorganisasjonar gjennom Kontaktforum for forenkling for næringslivet. Både arbeidet med handlingsplanen Eit enklare Noreg, større satsingar og enkeltsaker har vore oppe som tema. I tillegg kjem kontakt gjennom egne brukarforum, brukarråd o.l. på mindre område, prosjekt osv, og ymse ad hoc-møte på ulike nivå. Denne kontakten er viktig for utviklinga av forenklingssområdet.

3. Utfordringar og vidare arbeid

Vi må finne og gjennomføre dei tiltaka som monner mest. Berre gjennom systematisk arbeid kan vi oppnå dei gode resultatane vi ønskjer. Måling av kostnader knytt til gjennomføring av regelverk er eitt viktig tiltak her.

Vi må satse meir internasjonalt i forenklingsarbeidet, fordi det gir oss god effekt heime:

- Noreg har stadig meir regelverk som er internasjonalt basert/vedteke
- Internasjonal samanlikning og kontakt gir oss gode innspel til kva tiltak vi kan gjennomføre i Norge

Trykket på forenklingsarbeidet må haldast oppe i alle delar av forvaltninga. Vi skal arbeide for betre haldningar til næringslivet som brukargruppe, betre brukarmedverknad og betre konsekvensvurderingar.

Viktige nye tiltak er derfor særleg

- Altinn – etenester til næringslivet
- Kartlegging av forenklingsbehov i EØS-regelverket
- Kartleggje forbetningsområde ut frå internasjonale samanlikningar
- Oppfølging av målinga av meirverdiavgiftsregelverket
- Nye målingar av næringslivets byrder ved ulike regelverk

3.1 Generelt

Regjeringa si satsing på forenkling og tilrettelegging for næringslivet skal vidareførast med full styrke. Vi må finne og gjennomføre tiltak der det monner mest. Vi må vidareføre arbeidet med utvikling av nye arbeidsmåtar og nye innfallsvinklar på forenklingsområdet. Også forenklingsarbeidet må kontinuerleg fornyast.

Arbeidet vil halde fram innanfor alle dei fem delmåla for arbeidet:

1. Eit lett tilgjengeleg regelverk
2. Betre beslutningsgrunnlag for offentlege tiltak, reformer og regelverk
3. Reduksjon av næringslivets byrder knytt til innrapporteringsplikter
4. Betre regelverk på enkeltområde
5. Ein næringsvennleg offentleg sektor

I denne tilstandsrapporten blir det særleg orientert om nye arbeidsmåtar, nye satsingar, nye innfallsvinklar til arbeidet. Dette blir gjort parallelt med at vi held fram arbeidet med hovudmålsetjingane: Eksisterande regelverk skal forenklast. Innrapporteringsbelastninga skal reduserast. Eit viktig arbeidsområde her er statistikk. Innspel som kjem frå næringslivet via den nye *Forenklingsskanalen* skal følgjast opp.

Regjeringa sitt kontaktforum for forenkling

Mål: sikre ein god dialog med brukarane

Deltakarar:

Næringslivets Hovedorganisasjon, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Bedriftsforbundet, Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forbund, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Sparebankforeningen, Rederiforbundet, Økonomiforbundet, Landsorganisasjonen i Norge, Akademikerne, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Nærings- og handelsdepartementet, Finansdepartementet, Moderniseringsdepartementet.

Vi vil halde fram med målingar av næringslivets administrative byrder ved fleire regelverksområde. For å kunne gå systematisk til verks og finne dei tiltaka som har best effekt, så må vi få klarlagt og dokumentert fakta. Måling av regelverksbyrder er eit nytt prioritert innsatsområde.

Ei breiare internasjonal satsing i forenklingsarbeidet er viktig. Noreg og norsk næringsliv blir omfatta av stadig meir regelverk som er internasjonalt basert/vedteke. Dette gjeld særleg EØS-regelverket. Der er viktig å bruke meir tid på desse områda, og støtte aktivt opp om arbeidet med Lisboa-strategien (EUs strategi for å betre konkurransevna) og *Better regulation*-satsinga (ulike tiltak for å redusere administrative byrder og forenkle

regelverket). God framgang i dette arbeidet i EU kan direkte påverke norsk regelverk. Internasjonalt arbeid kan gi oss viktige innspel og erfaringar til arbeidet med nasjonalt regelverk og ordningar.

Internasjonale samanlikningar blir meir og meir brukt. Det er ein god måte å få vurdert tilstanden i Noreg på og slik finne område for forbetring og å lære av andre land. Arbeidet med å ta i bruk den same målemetoden innanfor både EU og OECD er derfor svært interessant.

Ein større rapport utarbeidd av Verdsbanken m.fl. med samanlikning av næringslivsklimaet i 145 land plasserer Noreg på 6. plass. Dette er eit godt utgangspunkt. Rapporten stadfestar det som har vore grunngjevinga for regjeringa si satsing på Eit enklare Noreg: at regelreformarbeid lønner seg. Men også Noreg kan bli betre. Rapporten vil bli gjennomgått for å sjå kva område vi ikkje skårar høgt på og for å få gode innspel til aktuelle forbetringstiltak.

Samarbeid med næringslivet som brukarar er viktig for framgang i forenklingarbeidet generelt, og for at forvaltninga sitt arbeid skal bli best mogleg brukartilpassa. Brukarmedverknad er derfor eit nytt innsatsområde og målsetjinga er å få til meir systematisk brukarmedverknad, og tidlegare i prosessen enn kva som er vanleg i dag

I tillegg til å leggje hovudvekta på dei tiltaka som kan gi best målbar effekt, skal vi også ta på alvor dei offentlege pålegga som - uavhengig av faktisk tidsbruk og/eller kostnad – bedriftene opplever som "plunder og heft"-pålegg, som unyttige og irriterande. Slike pålegg kan vere med på å øydelegge elles positive entreprenørskapshaldningar. Eit område som særleg blir nemnt i denne samanheng er innrapporteringar til statistikk. Vi vil derfor halde fram satsinga på dette området, gjennom bl.a. å sikre at det blir gjort reelle vurderingar av informasjonsbehova, at innsendingsmåten blir enklast mogleg og også at det blir gitt nyttige tilbakemeldingar til dei som leverer informasjon. Også her er arbeidet med påverknad av internasjonalt regelverk sentralt.

Eit godt regelverk kan bli "øydelagt" dersom det blir handheva på ein dårleg måte. Utvikling av kvalitetstenester frå det offentlege er svært viktig. E-tenester er derfor eit nytt innsatsområde for det neste året.

Forenkla og meir brukarvennleg regelverk for oppdrettarane

I løpet av året vil Fiskeri- og kystdepartementet fastsette ei forenkla, oppdatert og meir brukarvennleg felles driftsforbudsregulering som uttømmande regulerer drift, fiskehelse og dyrevelferd for alle type oppdrettsanlegg for alle artar av akvatiske dyr.

I alt offentlig moderniseringsarbeid, og ikkje minst i forenklingarbeidet overfor næringslivet, er det ei stor utfordring å få til betre samordning på tvers av forvaltninga. Regelverk og innrapporteringar må sjåast samla, fordi det er den samla byrda som belastar næringslivet. Offentlege tenester må utviklast på felles grunnlag, og organiserast etter brukarane sine behov og ikkje meir eller mindre tilfeldige forvaltningsgrenser.

Dette er utfordringar som regjeringa tar på alvor, for å gjere arbeidet med forenkling og tilrettelegging for næringslivet betre.

3.2 Prioriterte innsatsområde

Regjeringa har peika ut nokre prioriterte område for arbeidet for forenkling for næringslivet. Nærings- og handelsdepartementet vil som koordinerande departement for arbeidet ha eit særleg fokus på desse.

Utgangspunkt for val av innsatsområde er kva for område som det trengst ein særleg innsats på, som trengst å løftast opp og slik få merksemd og også påtrykk. Dei tre nye områda er svært ulike når det gjeld innhald og status i arbeidet i dag. Dei er alle svært viktige for å sikre gode tilhøve for næringslivet framover, både når det gjeld regelverksutforming og utvikling av/kvalitet på offentlege tenester.

I tillegg til dei tre nye, vil vi halde fram trykket på dei tidlegare innsatsområda. Dette er område der det er gode prosessar i gang, men der vi enno ikkje er i mål innhaldsmessig.

3.2.1 e-tenester til næringslivet

Dette innsatsområdet er ei vidareføring og utviding i høve til det tidlegare området elektronisk innrapportering.



Regjeringa sin visjon er at Noreg skal vere leiande internasjonalt når det gjeld å tilby elektroniske tenester frå det offentlege. IT skal brukast til å tilby nye og betre tenester til brukarane, og til å effektivisere offentlig sektor.

Målsetjinga er å tilby flest mogleg fullverdige elektroniske tenester med dialog og interaktivitet, med felles, enkle brukargrensesnitt, felles inngangsportaler og med tilbod om bruk av elektronisk signatur, tilrettelagt og tilpassa næringslivet som brukargruppe sine behov.

Altinn som innrapporteringskanal skal vidareutviklast, og det er ei klar målsetjing at talet på etatar og skjema som er tilgjengelig gjennom løysinga skal utvidast. Det har vore hovudfokus på dei profesjonelle brukarane. Vi ser at det er behov for å auke fokus på å betre løysinga for dei brukarane som brukar Altinn til å fylle ut skjema på skjerm og ikkje til uttrekk frå fagsystem. Det blir arbeidd kontinuerlig med å gjere løysinga betre og meir brukartilpassa, for slik å nå nye brukarar. I januar 2005 vil det kome ein ny versjon av Altinn med forbetringar i høve til dagens løysing.

Visjonane knytt til Altinn som næringslivets felles portal for innrapportering og elektroniske tenester frå det offentlege skal vidareutviklast og konkretiserast. Oppgåvene skal utvidast frå rein innrapportering via tovegsdialog med forvaltninga og andre former for interaktive tenester, til ein fullverdig tenesteportal. Det er også ei oppgåve å sjå på korleis

næringslivets regelinformasjonsbehov er ivareteke. Vi må vurdere i kva grad dette behovet bør ivaretakast gjennom ein tenesteportal. Det finst i dag mykje informasjon på nettet. Spørsmålet er om den er/blir samordna godt nok. Ei felles målsetjing for både teneste- og informasjonsområdet er at dei må utformast etter brukarane sine behov og ikkje etter korleis forvaltninga er organisert.

Satsinga på samordna elektroniske tenester vil kunne gi monalege effektiviseringsgevinstar både hjå næringslivet og i det offentlege.

I løpet av 2005 skal Altinn tilby bruk av elektronisk signatur til alle brukarane sine. Regjeringa har foreslått midlar til dette i statsbudsjettet for 2005. Slik vil det bli lagt til rette for fullverdige elektroniske tenester på ei rekkje nye område, og vil gjere at fleire skjema kan leggjast inn i, og at fleire etatar kan ta i bruk Altinn. Det vil då bli slutt på at skjema må skrivast ut, signerast og så sendast inn på papir i tillegg til den elektroniske innsendinga.

Moderniseringsdepartementet har eit prosjekt for utarbeiding av ein felles kravspesifikasjon for elektronisk ID og signatur for kommunikasjon med og i offentlig sektor. Kravspesifikasjonen skal vere ferdig 15. november. Basert på denne skal det innan sommaren 2005 etablerast rammeavtalar for elektronisk ID og signatur. Desse avtalane skal både kommunal og statleg sektor kunne gjere avrop på (bruke). Målsetjinga er m.a. å sikre brukartilpassing ved at same elektroniske ID skal kunne brukast i forhold til flest mogleg offentlege tenesteytarar.

For å sikre eit meir heilskapleg tenestetilbod frå offentleg sektor, og m.a. få større gjenbruk av opplysningar, skal det etablerast eit arbeid for betre elektronisk samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå innan det offentlege. Forprosjektrapporten *Arkitektur for elektronisk samhandling i offentleg sektor* (juni 2004) har vore på brei høyring, og skal no følgjast opp.

regelhjelp.no

Frå september 2005: 15 bransjar finn bransjeretta informasjon som regelverket frå Arbeidstilsynet, Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap, Statens forurensningstilsyn, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon og Mattilsynet

Det er mange utfordringar i dette arbeidet. Ei av dei er å samordne måten metadata (data om data) etablerast og brukast på. Felles prinsipp for etableringa og bruken av metadata er svært viktig, og ein føresetnad for effektiv samordning og gjenbruk av opplysningar mellom ulike offentlege etatar. Det er også behov for å vurdere om etatane skal påleggast å bruke dei metadata som det er oppnådd semje om eller om dette som i dag skal vere opp til den enkelte etat.

Ei anna utfordring på dette området ligg i å få til større gjenbruk av grunndataopplysningar. Grunndata kan beskrivast som nøkkelinformasjon som blir brukt av mange instansar (både offentlege og private), som informasjonselement for identifisering av m.a. personar, juridiske personar, eigedomar osv. Det er eit stort ubrukt potensiale for gjenbruk av grunndataopplysningar. Dette er viktig for å unngå dobbelrapportering frå næringslivet. Vidare skal det leggjast til rette for gjennomføring av eit lovforslag som ligg i Stortinget til behandling, og som pålegg alle offentlege etatar å gjenbruke grunndata frå Einingsregisteret.

Arbeidet med metadata og med auka koordinering og bruk av grunndata blir sentrale oppgaver i IT-arkitekturarbeidet framover.

Attkjenning er eit sentralt element for å sikre nødvendig brukartilpassing i den elektroniske samhandlinga mellom det offentlege og næringslivet. Dei såkalla Elmer-prinsippa, utvikla i eit samarbeidsprosjekt mellom Nærings- og handelsdepartementet, Næringslivets Hovedorganisasjon og Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon i 2001, er eit godt utgangspunkt for felles brukargrensesnitt for all elektronisk kommunikasjon med det offentlege. Desse er brukt i Altinn.

3.2.2 Måling av regelverksbyrder

Målsetjinga med dette innsatsområdet er å måle næringslivets byrdene på ulike regelområde og slik:

- finne område for forbedringar
- lage grunnlag for internasjonal samanlikning og læring
- måle utvikling i regelverksbyrder for næringslivet over tid

Det har dei siste åra vore eit sterkt nasjonalt og internasjonalt fokus på forenkling og på dei byrder offentlege tiltak og regelverk påfører næringslivet. Det er iverksett ei rekke tiltak, men vi har ikkje hatt gode og presise metodar eller verktøy for å vurdere effektane av dei igangsette forenklingstiltaka. Belastningstala frå Oppgåveregisteret tyder på at utviklinga går i rett retning, men desse tala dekkjer berre ein del av byrdene.

Sjølve metoden som no er teke i bruk (standardkostnads-metoden) er basert på ei kartlegging av regelverka for å identifisere de ulike krav og administrative aktivitetar. Vidare blir det gjort ei analyse av kva bedrifter som blir berørt av dei ulike krava i regelverka. Data frå eit utval bedrifter blir innhenta gjennom intervju. Til slutt blir dei innhenta data analysert og aggregert til samfunnsnivå.

Målingane gir informasjon om kor mange som blir berørt av dei ulike delane av regelverket og kor store kostnader som er knytt opp til kvart enkelt krav i regelverket. Målingane gir grunnlag for å følgje utviklinga i byrdene over tid. Dei gir også grunnlag for internasjonale samanlikningar. Resultata kan brukast til å identifisere nye regelforenklingsforslag og også konsekvensvurderingar av nye/endra regler.

Det siste året har Noreg, Sverige, Danmark og Nederland hatt eit samarbeid for utvikling og bruk av standardkostnads-modellen. Modellen byggjer på ein nederlandsk metode, og Nederland er derfor ein sentral aktør i samarbeidet. Den siste tida har fleire nye land blitt med. OECD har gitt uttrykk for at dette er ein metode som kan vere nyttig i forenklingarbeidet, og vil sjå nærare på bruken av denne.

EU-kommisjonen arbeider for å utvikle ein metode for å finne dei administrative byrdene av eksisterande regelverk, og som kan nyttast til konsekvensvurderingar av nytt regelverk. Metoden skal byggje på standardkostnads-modellen. Denne modellen er slik i ferd med å bli eit felles europeisk verktøy i forenklingarbeidet, og Noreg er av dei som sit i førarsetet her.



Nærings- og handelsdepartementet har i samarbeid med Finansdepartementet gjennomført ei pilotmåling av meirverdiavgiftslova etter denne modellen. I rapporten er det også forslag til forenklingar i regelverket som no skal følgjast opp. Ved å bearbeide talmaterialet i rapporten vil det kunne avdekkast fleire forenklingforslag. Eit arbeid for å samanlikne talmaterialet på mva-området i Nederland, Sverige, Danmark og Noreg er allereie sett i gang.

Erfaringane med denne første målinga er gode, og den vil bli følgt opp av fleire. Det blir arbeidd med å få til måling av nye område. Skatt og avgift er dei områda som står for den høgaste delen av oppgåvebelastninga på næringslivet. Det er derfor viktig å ha fokus på desse. HMS-området er av ein annan type, det har ikkje innrapporteringar, men har eit svært omfattande regelverk, mange tilsynsetatar og mykje krav til internt loggføring osv. Truleg er derfor den administrative belastninga relativ høg.

Meir informasjon om metoden og mva-målinga finn du i eit tillegg bak i rapporten.

3.2.3 Brukarmedverknad

Målsetjinga på området er å få forvaltninga til å tenkje systematisk på brukarmedverknad i alle delar av arbeidet sitt, for å sikre så godt og brukartilpassa regelverk og offentlege tenester som muleg. Forvaltninga skal tenkje brukarretting når nye tiltak skal setjast ut i livet, og elles ha jamleg dialog om behova. Det er brukarane som best kjenner eigne behov.

Dette er eit nytt innsatsområde, og tiltakssida må derfor utviklast og konkretiserast i samarbeid med brukarene og med forvaltninga. Eksempel kan vere:

- Utarbeiding av gode eksempelsamlingar på korleis dialog, og særleg tidleg dialog kan gjennomførast. Dette kan f eks. vere gjennom bedriftspanel, brukarundersøkingar, høyringsmøte. Korleis finne alle, og også dei rette brukargruppene er eit anna viktig spørsmål. Erfaringane frå Orakel-arbeidet blir viktige i dette arbeidet.
- Tiltak for å bevisstgjere forvaltninga på kvifor brukardialog – og særleg tidleg brukarkontakt - er viktig, og at tidleg kontakt kan gi gode innspel til korleis utfordringar kan møtast.
- Vurdere om det er behov for og evt korleis vi kan tilretteleggje betre for at også enkeltbedrifter kan gi sine synspunkt i (konkrete) saker. Dette gjeld særleg for dei mindre bedriftene. I dag er det i hovudsak organisasjonar m.v som tek del i dei formelle høyringane.

Med utgangspunkt i utgreiingsinstruksen er det etablert rutinar for brukarkontakt når ei sak blir sendt på alminneleg høyring. Då kan prosessen ofte ha kome for langt til at dei opplever at brukarane har ein reell innverknad på resultatet, på det aktuelle regelverket eller tiltaket. Det er viktig å leggje til rette for at brukarane kan kome med innspel så tidleg i prosessen som mogleg. Forvaltninga må vurdere i kva delar av prosessen det er nyttig med kontakt. Dette kan vere ved identifisering av eit problem, vurdering av verkemiddel, val og utforming av verkemiddel (regelverk eller anna), informasjon til brukarane, handheving og ved tenesteutforming og –utføring. Særleg er det viktig å legge til rette for at også dei aller minste bedriftene blir involverte og høyrde i slike prosessar. Det kan vere ulike behov og interesser hjå små og store bedrifter.

Det må vere ei målsetjing at vi i Noreg skal utvikle gode og fleksible ordningar der forvaltninga og brukarane har betre dialog, og derav betre tilpassa regelverk og offentlege ordningar, enn dei landa vi konkurrerer med. Dette vil kunne gi norsk næringsliv visse fortrinn i konkurransen med andre land.

NHOs rapport *Næringsvennlig lovgivning* frå januar 2004 vil bli vurdert i dette arbeidet.

Den nye kanalen for innspel frå næringslivet til forenkling- og moderniseringsarbeidet – *forenklingsskanalen* – er eit bidrag til betre og enklare kontakt mellom forvaltninga og brukarane.

Det er og må vere forvaltninga sitt ansvar å sørgje for at alle interesser blir høyrte og at dei blir vurdert opp mot kvarandre. Dette er viktig for at god brukarmedverknad ikkje fører til uheldige konsekvensar som at den som "skrik høgast" får det som dei vil, uavhengig av andre omsyn og behov. Det er også viktig at kontakt og dialog skjer mest mogleg ope.

3.2.4 Oppfølging av eksisterande innsatsområde

Konsekvensvurderingar

Vidareutvikling av kompetansesenteret Orakel i Nærings- og handelsdepartementet er prioritert. Orakel skal arbeide vidare med haldningsskapande arbeid og informasjon, kompetanseoppbygging og –utvikling gjennom opplæring og også vidareutvikling av verktøy til bruk i arbeidet. Ei eksempelsamling om bruk av alternative verkemiddel vil vere ferdig

tidleg i 2005. Ei særleg utfordring er å kome i inngrep med arbeidet med regelverk og andre offentlege tiltak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

FIN arbeider med ein felles rettleiar for konsekvensvurderingar.

Elektronisk innrapportering

Dette området blir vidareført under det nye innsatsområdet e-tenester.

HMS-området

Dette er dei viktigaste tiltaka på området framover:

- a) Omstrukturering og samordning av forskrifter på området:
 - Miljøverndepartementet viderefører arbeidet med å sjå på forbetringar i innhaldet i sine forskrifter
 - Arbeidet med eit felles forskriftsverk for dei forskriftene til Arbeidstilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap som rettar seg mot næringslivet skal slutførast. Forskriftene skal no tilpassast innhaldsmessig til den nye arbeidsmiljølova. Det vil også bli vurdert om det er behov for andre materielle endringar for å gjere regelverket meir brukarvennleg. Desse skal setjast i kraft samtidig med ny lov.
- b) Ny arbeidsmiljølov skal leggjast fram våren 2005
- c) Bransjeretta regelverksinformasjon via Internett: Nettstaden regelhjelp.no skal lanserast hausten 2005, tilrettelagd for 15 bransjar. Desse etatane deltek: Statens forurensingstilsyn, Arbeidstilsynet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon og Mattilsynet.
- d) Arbeidstilsynet overtek som koordinerande etat for verksemdsretta HMS-tilsyn våren 2005. Målet er at arbeidslivet skal behandlast på ein heilheitleg måte, og at verksemdene skal oppleve eit koordinert og mest mogleg samordna tilsyn.
- e) Måling av dei administrative kostnadene ved HMS-regelverket (områda under ASD, JD og MD).

Plan- og bygningslovområdet

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) vil hausten 2004 leggje fram ei lovendrings sak om utbyggingsavtalar. Denne har bakgrunn i utgreiingar frå både Byggelovutvalet og Planlovutvalet. Arbeidet med ny plandel i lova vil starte opp.

Byggelovutvalget skal levere si endelege innstilling våren 2005. KRD vil då sjå begge innstillingane frå Byggelovutvalet og frå Planlovutvalet i samanheng når dei skal vurdere endringar i lova.

Etterkontroll av regelverk

Hovudutfordringa her er å gjennomføre tiltaka som nemnt i *Tiltaksplanen* kapittel 1 *Et lett tilgjengelig regelverk*:

- a) Utgreiingsinstruksen med endringar på etterkontroll-området skal fastsetjast rundt årsskiftet 2004-2005. Arbeidet med ei rettleiing i utgreiingsarbeid skal slutførast.
- b) Nødvendige lovendingar for å gjere Lovdata til ein tilnærma komplett database over gjeldande forskrifter skal leggjast fram.
- c) Forskriftseininga i lovavdelinga i JD skal etablerast i 2005. Viktige oppgåver som denne skal ta fatt i er å vurdere organiseringa av regelarbeidet i ulike forvaltningsorgan, og å utvikle ei rettleiing i forskriftsarbeid.
- d) Oppryddingsarbeidet på større forskriftsområde skal halde fram.

3.3 Om tiltaksplanen

Tiltaksplanen inneheld også i år ei oversikt over alle tiltaka, organisert innanfor dei fem delmåla for arbeidet. Det er i alt 111 tiltak som skal arbeidast med komande år. Av desse er


31 nye tema, 13 er nye tema på område der tidlegare tiltak er gjennomførte, og 66 er vidareføring av tiltak frå førre plan. Tiltaka er beskrivne i del II (*Tiltaksplan 2004-2005*).

Tiltaksplanen er omfattande, og svært variert. Dette viser både kor samansett arbeidet med forenkling og tilrettelegging for næringslivet er, og kva breidde det er – og må vere – i dette arbeidet.

Vi vil her nemne eit utval av dei nye tiltaka:

3.5 Altinn – etenester til næringslivet

Målet er å tilby næringslivet flest mogleg fullverdige elektroniske tenester med dialog og interaktivitet, med felles enkle brukargrensesnitt, felles inngangsportale og med tilbod om bruk av elektronisk signatur. Strategi for området e-tenester til næringslivet skal utarbeidast første halvår 2005. Elektronisk signatur skal takast i bruk i løpet av 2005.



4.58 Kartlegging av forenklingsbehov i EØS-regelverket

Målsetjinga er at Noreg skal delta aktivt i EUs regelforenklingsarbeid, ved å kome med konkrete innspel til kva område det er mest behov for forenkling. Første kartleggingsrunde skal vere gjennomført første halvår 2005.

4.60 Kartleggje forbetningsområde på grunnlag av internasjonal samanlikning

Målet er å tilretteleggje best mogleg for næringsdrift i Noreg. På grunnlag av rapporten *Doing business in 2005: Removing Obstacles to Growth*, som samanliknar situasjonen i 145 land, skal vi kartleggje på kva område det er potensiale for forbetring. Kartlegginga skal gjennomførast første halvår 2005.

4.61 Revisjon av regelverket for offentlege anskaffingar

Målet er eit enklare og meir brukarvennleg regelverk for offentlege anskaffingar, eit regelverk som skal gi betre reell konkurranse og sikre best mogleg ressursbruk. Arbeidet skal vere gjennomført innan januar 2006.

4.62 Oppfølging av målinga av meirverdiavgiftsregelverket

Målet er å få eit mva-regelverk som er enklare og meir brukarvennleg. Resultata av målinga av dei administrative byrdene ved regelverket skal gjennomgåast for å sjå kva regelendringar som vil gi størst reduksjon i byrdene og for å følgje opp forenklingsforslaga i rapporten. Skal vurderast i løpet av 2005.

4.63 Måling av næringslivets byrder ved ulike regelverk

Målet er å få fram forslag til forbetringar og forenklingar i regelverk som gjeld næringslivet, gjennom å bruke standardkostnads-metoden for å måle dei administrative byrdene ved ulike regelverk. I løpet av 2005 skal fleire nye regelverksområde målast.

5.65 Fremje kultur for IT-sikkerheit

Målet er å redusere/hindre omfanget av søppel-epost (spam) til alle sluttbrukarar, også næringslivet, gjennom informasjon om og ei kampanje for å fremje ein kultur for å ivareta IT-sikkerheita. Første milepæl, ei ny nettside skal vere ferdig i løpet av 2004.


2000: ca 719 lover og ca 11 400 forskrifter
2001: ca 715 lover og ca 11 500 forskrifter
2002: ca 740 lover og ca 11 200 forskrifter
2003: ca 750 lover og ca 11 600 forskrifter

Kjelde: Årsrapportane frå Stiftelsen Lovdata:
www.lovdato.no



5.67 Etablere brukarråd for arbeidsgivarar sentralt og lokalt i Aetat.

Målsetjinga er å betre samhandlinga med og servicen til næringslivet ved å opprette brukarråd. Råda skal m.a. vere med og sikre at Aetat har oppdatert kunnskap om næringslivet, slik at opplæringstilbodet frå etaten kan tilpassast behovet.



Måling av næringslivets kostnader ved regelverk

Innleiing

Det har dei siste åra vore eit sterkt nasjonalt og internasjonalt fokus på forenkling og på dei byrder offentlege tiltak og regelverk legg på næringslivet. Det er sett i gang ei rekkje forenklingstiltak, men vi har ikkje hatt gode og presise metodar eller verktøy for å vurdere verknadene av dei ulike tiltaka. Belastningstala frå Oppgåveregisteret tyder på at utviklinga går i rett retning, men desse tala dekkjer berre ein del av byrden.

Nærings- og handelsdepartementet har som del av arbeidet for å finne ein metode for å dokumentere verknadene av forenklingsarbeidet, gjennomført ei pilotmåling av næringslivets kostnader knytt til regelverket på eit område. Målinga blir gjort ved bruk av standardkostnads-modellen, ein modell som er utvikla og brukt i Nederland, Danmark, Sverige og Noreg har samarbeidd om å ta i bruk metoden, og har no alle målt mva-området.



Den siste tida har fleire europeiske land starta med målingar ved hjelp av denne metoden, slik at dette no er i ferd med å bli ein felles europeisk metode (sjå meir om dette nedanfor). Dette vil bli ein viktig reiskap i forenklingsarbeidet for næringslivet.

Om metoden

Grunnprinsippet i metoden er at ein gjennom djuptgåande intervju med eit utval av brukarar av regelverket (bedrifter) hentar inn detaljert informasjon om ressursbruken knytt til dei ulike krava i regelverket. Innhenta informasjon blir deretter analysert, og ressursbruken aggregert til samfunnsnivå.

For ei meir detaljert skildring av metoden viser vi til rapportane *Fokus på administrative byrder – en manual for å definere og måle virksomhetenes administrative kostnader*, og *Basismåling av virksomhetenes administrative byrder ved avregning av merverdiavgift og videreutvikling av en aktivitetsbasert målemetode*, som ligg på Nærings- og handelsdepartementet sine heimesider www.nhd.dep.no/forenkling.

Korleis kan metoden brukast i forenklingsarbeidet?

Målingane gir informasjon om kor mange som blir råka av dei ulike delane av regelverket og kor store kostnader som er knytt til kvart enkelt krav i regelverket. Målingane gir grunnlag for å følgje utviklinga i byrdene over tid. Dei gir også grunnlag for internasjonale samanlikningar. Resultata kan brukast til å identifisere nye regelforenklingforslag og også i konsekvensvurderingar av nye/endra regler.

Styrken ved metoden er at

- Den gir eit detaljert bilete av kva for delar av dei administrative byrdene i eit regelverk som er særleg belastande for bedriftene
- Den viser kva forenklingstiltak som vil ha størst verknad for bedriftene
- Den viser effekten av dei enkelte tiltaka som regjeringa/departementa set i verk

Etter vår vurdering vil denne måten å analysere regelverk og verknader på kunne gi viktige innspel til forenklingsarbeidet. Systematisk kartlegging av kostnadene knytt til dei ulike elementa i regelverket kan synleggjere svakheiter, som ein så kan arbeide for å løyse. Etter kvart som regelverksendringar skjer, kan ein synleggjere kostnadsendringar og talfeste resultat av forenklingsarbeidet.

Måling av meirverdiavgiftsregelverket

Målet med den første målinga har vore å få ei betre kartlegging og dokumentasjon av storleiken og samansetninga av dei administrative byrdene ved berekning og innrapportering av meirverdiavgift, å samle erfaringar, forbetre og vidareutvikle målemetoden for det seinare arbeidet og å utarbeide et grunnlag for reduksjon i dei administrative byrdene knytt til meirverdiavgifta.

Finansdepartementet har delteke med ekspertise og underlagsmateriale gjennom heile prosessen.

Prosjektet vart gjennomført i perioden mai til september 2004. I samband med prosjektet vart det etablert ei referansegruppe med næringsorganisasjonar, Finansdepartementet, Brønnøysundregistra og Universitetet i Oslo, og ei ekspertgruppe med deltakarar frå skattelovavdelinga og skatteøkonomisk avdeling i Finansdepartementet og frå Skattedirektoratet.

Rapporten frå den første målinga beskriv kva kostnader (for bedriftene) som følgjer av dei ordinære administrative prosessane i samband med meirverdiavgiftsregelverket. I tillegg inneheld siste kapittel i rapporten konkrete forslag til forbetringar av både regelverk og offentlege tenester/handheving på området.

Generelt viser rapporten at mva-systemet er relativt lite byrdefullt/kostnadskrevjande for alminnelige bedrifter. Men rapporten inneheld og konkrete forslag til forbetringar i både regelverket og dei offentlege tenestene. Eksempel på dette er at bruk av differensierte satsar i mva-systemet, og kostnader for bedrifter som har både mva-pliktig og mva-fri omsetning, utgjør store ekstra kostnader. I tillegg har rapporten forslag til betringar i kommunikasjonen mellom offentlige etatar, særleg mellom Brønnøysundregistra og fylkesskattekontora.

Målinga har også sett særskilt på verksemder som er frivillig registrerte i mva-registeret fordi dei driv utleige av eigedom. Desse er pålagde ekstra krav ved registrering. Målinga har påvist at dette er eit av dei områda der kostnadane ved regelverket er høge. For denne gruppa skal det ved utgangen av kvart år utarbeidast ei oversikt over bruken av lokala gjennom året. Utleigar må dermed innhente opplysningar frå alle sine leigetakarar om korleis bruken har vore gjennom året. Vidare må denne informasjonen systematiserast slik at den faktiske bruken av lokala gjennom året kan framleggjast.

Forslaga i rapporten vil bli følgt opp i eit samarbeid mellom Finansdepartementet, som ansvarlig departement for meirverdiavgiftsregelverket, og Nærings- og handelsdepartementet som ansvarleg for forenklingar for næringslivet.

Rapporten gir ei god skildring av dei administrative prosessane bedriftene har ved handteringa av meirverdiavgiftsregelverket. I talmaterialet i rapporten er det detaljerte skildringar

av tidsbruk knytt til konkrete arbeidsprosessar, både i ordinær verksemd og enkelte utvalde segment. Det er også gitt svært detaljert informasjon om ulike populasjonar, dvs. kor mange bedrifter som er råka av dei ulike krava i regelverket. På bakgrunn av detaljinformasjonen er det føreteke aggregering til samfunnsnivå, slik at ein har fått fram bruttokostnader på samfunnsnivå for dei administrative prosessane.

Ein prosess for å samanlikne talmaterialet frå mva-reglane i Nederland, Sverige, Danmark og Noreg er allereie sett i gang. Det vil også bli sett i gang nye målingar på nye områder i Noreg.

Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt nettverk

Det er eit aktivt nordisk/europeisk samarbeid på området, sprunge ut av felles behov og målsetjingar. Målingar er no i gang også i Sverige og Danmark. Modellen bygger på ein nederlandsk metode, og Nederland er derfor også ein sentral aktør i samarbeidet. Den seinare tida har også Frankrike, Italia, Belgia, Ungarn, Polen og Slovenia starta/vedtatt å starte eigne målingar. Storbritannia og Finland deltar førebels i samarbeidet som observatør, med tanke på å foreta eigne målingar.

EU

Også på EU-nivå har ein prøvd å finne eigna metodar for å talfeste kva for verknader regelverk har for borgarar og næringsverksemd. Dei siste åra har det vore aukande interesse og fokus på dette også i EU. EU-kommisjonen har følgd arbeidet med utvikling av standard-kostnads-modellen tett.

I ministerrådsmøte 21. oktober 2004 (ECOFIN) vart det vedteke at EU-kommisjonen skal arbeide for å utvikle ein metode som kan brukast både for å finne administrative verknader av eksisterande regler og som kan brukast til konsekvensvurdering av nye regelverk. Denne metoden skal byggje på standardkostnads-modellen.

Dette gjer at standardkostnads-modellen er i ferd med å bli eit felles europeisk verktøy i forenklingarbeidet, og Noreg er altså ein av dei som sit i førarsetet her.

OECD

OECD har gitt uttrykk for at dette er ein god metode som kan vere nyttig i forenklingarbeidet. Dei har derfor sett i gang eit arbeid med denne metoden, og har bede medlemslanda om å delta i dette. OECD deltek også som observatør i det nordiske/europeiske nettverket.

Prosjektet *The OECD Red Tape Scoreboard* skal nytte standardkostnads-modellen for å måle og samanlikne administrative byrder i OECD-land, gjennomføre studiar av enkelte administrative byrder og analysere forskjellar i administrative byrder mellom medlemslanda. Resultata frå prosjektet vil bli lagt inn i ei database. Noreg og dei andre landa i det europeiske nettverket vil truleg ha ei sentral rolle i dette prosjektet.

Danmark

Danmark har ei målsetjing om å redusere dei administrative byrdene med (inntil) 25 pst. innan år 2010. Fram til dess skal kvart departement redusere sine byrder med 25 pst. For å kunne måle framgangen, og om dei lukkast med å nå dette målet, skal det gjennomførast målingar av alle dei mest belastande regelverka innan 2006, og deretter nye målingar i 2010 for å sjå om dei har nådd målet. Dei fleste departementa skal måle eige regelverk og til dette skal standardkostnads-modellen nyttast. Dei er allereie godt i gang med målingane, mellom anna har dei målt meirverdiavgiftsregelverket. Meir informasjon ligg på www.eogs.dk.

Sverige

Sverige har også starta målingar av regelverket etter standardkostnads-modellen, og har

gjort målingar av blant anna meirverdiavgiftsregelverket. Denne hausten vil dei måle tre nye område, m.a. skatteregelverket.

Nederland

Den første versjonen av standardkostnads-modellen vart utvikla i Nederland og har allereie vore i bruk der i nokre år. Då den noverande nederlandske regjeringa overtok i 2002, satt den seg som målsetjing å redusere næringslivet sine administrative byrder med 25 pst. innan utgangen av sin regjeringsperiode. Kvar departement er ansvarleg for å redusere dei administrative byrdene på eige område. Standardkostnads-modellen blir brukt aktivt som eit verktøy. Nederland har målt dei mest belastande regelverka for næringslivet, og vil gjere nye målingar i 2007 for å sjå om målet er nådd. Våren 2004 la den nederlandske regjeringa fram ein handlingsplan for status og korleis ein vil nå målet med å redusere byrdene med 25 pst.: *More leeway for businesses thanks to fewer burdens – From producing burdens to reducing burden*, sjå www.administratievelasten.nl eller www.minfin.nl (på den første nettstaden er det også meir informasjon om administrative byrder både i Nederland og internasjonalt). Dersom alle forslaga i handlingsplanen går som planlagt, viser målingar at det vil gi ein reduksjon i dei administrative byrdene på 18 pst. neste år. Nederland er på god veg mot målet om ein reduksjon på 25 pst.

Orakel - eit kompetansesenter for konsekvensvurderingar

Kompetansesenter

Orakel er eit kompetansesenter for konsekvensvurderingar i Nærings- og handelsdepartementet. Namnet står for offentlege reformer aministrative kostnader enklare lover. Frå 2004 har senteret ein fast funksjon i departementet. Det tilbyr rådgiving om korleis offentlege inngrep kan verke inn på etablering og drift av næringsverksemd. Senteret knytter kontaktar på eit breitt grunnlag og skal vere ein aktiv støttespelar. Tenestene til Orakel kan brukast av alle i sentralforvaltninga, når dei arbeider med utvikling av forslag til nytt regelverk, reformer o.a. som har pårekelege konsekvensar for næringslivet. Senteret utviklar også verktøy og prosedyrar som blir gjort tilgjengelege for saksbehandlarane.

Orakels ærend

Nye offentlege tiltak og reglar er alltid velmeinte. Men dei kan ofte også få mindre heldige verknader for næringsliv, f.eks. nye skjema, nye rutinar og nye plikter å følgje opp, eller nye gebyr å betale. Det er viktig å kunne forsvare dei kostnadene som næringslivet blir påført av eit regelverk ut frå den nytta som samfunnet har av regelverket. Det er vidare viktig at reglane gir uttrykk for reelle behov, og at dei er moglege å etterleve. Næringslivet skal oppleve forvaltninga som ryddig og ubyråkratisk, og norsk offentlig tenesteyting skal stå fram som eit fortrinn i eit internasjonalt konkurranseperspektiv. Og derfor skal samspelet i kontakten mellom offentlig sektor og næringslivet vere best mogleg.

Orakel skal spore opp og rydde i forslag til nye reglar og tiltak som kan gjere arbeidet tungt eller vanskeleg for næringslivet. Gode konsekvensvurderingar er metodisk vanskeleg, og krev høg kompetanse. Derfor er det i mandatet til Orakel fokusert både på metodeutvikling og opplæring, i tillegg til hjelp til analyser og vurderingar i konkrete saker.

Vi må kome etterpåkløskskapen i forkjøpet. Vi må vite meir om konsekvensane av det staten gjer, slik at vi *på førehand* kan tilpasse reglar og tiltak for å oppnå dei verknadene som

ein ønskjer, og samtidig unngå negative biverknader.

- Orakel: eit kompetansesenter for konsekvensvurderingar i Nærings- og handelsdepartementet. Tilbyr rådgiving om korleis offentlege tiltak og reguleringar kan verke inn på etablering og drift av næringsverksemd.
- Regelverk og kontrollsystem må utformast slik at dei politiske målsetjingane blir oppnådd med lågast muleg kostnader for både næringslivet og samfunnet som heilskap.
- Orakel er oppretta for å oppspore og rydde i forslag til nye reglar og tiltak som kan gjere livet vanskeleg for næringslivet. Målet er å kome etterpåkløskskapen i forkjøpet.
- Vi må vite meir om konsekvensane av det staten gjer. Då kan vi på førehand tilpasse reglar og tiltak slik at vi oppnår dei ønskje verknadene, og unngår uønskje biverknader.
- Orakel skal fokusere på metodeutvikling og opplæring, i tillegg til vurdering av konkrete saker.
- Senteret skal hjelpe til med førehandskontakt mellom fagdepartementa og Nærings- og handelsdepartementet i utgreiingsarbeid på område som kan gi vesentlege konsekvensar for næringslivet.

Forenkling inneber ikkje alltid at vi skal ha færre reglar. I eit komplekst samfunn er det behov for både kjørereglar og offentlig kontroll. Det er heller ikkje slik at næringslivsinteressene i alle samanhengar skal gå føre andre samfunnspolitiske målsettingar. Poenget er at dei regelverka og dei kontrollsystema som vi utformar, må bli laga slik at vi kan nå dei politiske målsettingane med så låge kostnader som mogleg både for næringslivet og samfunnet samla sett.

For å oppnå ein slik målretta og effektiv bruk av verkemiddel, treng vi løpande informasjon om både samfunnsforhold og verkemåten til reglane. I vedtaksprosessane må denne informasjonen få ein større plass. Det er fleire eksempel på at regelverk har blitt

vedtatt og oppretthalde over lang tid, fordi ein ikkje har vore tilstrekkeleg merksam på kostnadene og nytteeffektane.

Frå ansvarsområdet til Nærings- og handelsdepartementet kan vi trekkje fram ervervslova, som påla ei meldeplikt til departementet for alle fusjonar og oppkjøp over ein viss storleik. Lova påførte næringslivet betydelege kostnader, utan at tilsvarande nytte for samfunnet blei dokumentert. Lova vart oppheva frå 1. juli 2002.

På andre lovområde kan vi m.a. trekkje fram bokføringsreglane i regnskapslova av 1998. Etter at den nye regnskapslova vart vedteken, kom det fram så mykje informasjon om utilsikta verknader av reglane at denne delen av lova ikkje kunne bli sett i kraft. Først no, etter nye omfattande utgreiingar, blir det vedtatt bokføringsreglar som kan erstatte lova av 1977.

Trass i store utfordringar og mange former for utilsikta verknader, viser erfaringar at det er mogleg å betre vilkåra for næringslivet. Plan- og bygningslova har vore eit område med mykje negativ omtale, og det er gjort endringar på dette området som dei fleste merkar. Både Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet har gjort endringar som:

- å utvide spektret av saker som ein kan handsame som byggemelding
- å fastsette fristar for dei fleste delane av byggesakshandsaminga i kommunane
- å gjennomføre tiltak for å hindre kostbare og unyttige omkampar i plansaker.

Aktivitetar og resultat i Orakel

Bistand og bidrag til forarbeida

Talet på saker i Orakel har auka, og dette skjer samtidig med at senteret i den siste perioden har prioritert opplæring og nettverksbygging. Oppteljinga viser at sakene i første rekkje har kome frå Nærings- og handelsdepartementet, Finansdepartementet og Moderniseringsdepartementet/Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Utfordringa til senteret er å kome tidleg i dialog med fagdepartementa som har utgreiingsarbeid som kan medføre vesentlege konsekvensar for næringslivet. Utgreiingsinstruksen føreset eit samspel og førehandskontakt mellom ulike departement og underliggjande organ for å undersøkje konsekvensane. I praksis skjer ikkje dette ofte nok, og senteret er derfor avhengig av også annan aktivitet for å vere ein aktuell og interessant partner for brukarane.

På den andre sida viser resultata ei auke i talet utgreiingar som er "gode nok". Det er stadig fleire forarbeid som inneheld betre konsekvensutgreiingar og som etter dagens standard kan passere.

Informasjon, opplæring og nettverksbygging

Kompetanseoppbygging og opplæring

Orakel har laga ei seminarrekke som blir gjennomført i samarbeid med Statisk sentralbyrå. Det er eit seminar på rundt 3 timar som fokuserer på korleis konsekvensvurderingar og undersøkingar kan gjerast i praksis.

På seminaret blir det først og fremst gitt opplæring i metode og verktøy. Orakel har næringslivet som arbeidsområde, og relaterer derfor alle eksempla og utvala til føretak, næringsliv og dei næringsøkonomiske aspekta ved konsekvensvurderingar. Orakel har også ein forkorta variant av seminaret (då utan SSB). Det siste året har fleire enn 300 offentleg tilsette delteke på slike seminar, frå 14 departement og tre direktorat.

Orakelseminara er laga for at praksis skal bli betre. Seminara skal medverke til endringar i det arbeidet som saksbehandlarane gjer til dagleg. Metodane og eksempla er derfor lagt til rette og skalert slik at deltakarane sjølve kan bruke desse.

Evalueringar av seminara viser at det er behov for slike kurs, og at dei er nyttige både for den einskilde og for forvaltninga som heilskap. Det er med andre ord ein stor "marknad" både for å lære opp fleire og for å tilby meir opplæring, f.eks. fordjuping i nokre emne. Evalueringane indikerer også at demonstrasjonar av verktøy, eksempel på undersøkingar og ulike praktiske eksempel gir dei mest positive tilbakematingane.

Kontakt med organisasjonane i næringslivet

Krava til betre konsekvensutgreiing må gjerast kjente for høyringsinstansane, slik at forventningane til forarbeida aukar. Orakel har derfor tatt initiativ til å leggje fram for fleire næringsorganisasjonar eksempel på metoden i praksis.

Web-presentasjon av Orakel på Odin

På NHDs websider på Odin er det laga eit eige område for Orakel. Området omfattar no verktøy og metode, i tillegg til generell informasjon. Det er lagt vekt på samanheng mellom innhald på nettstaden og opplæringa. Dette inkluderer også ein ny og utvida versjon av *Føretaksstatistikken* for 2004. Føretaksstatistikken framhevar sentrale tal om norsk næringsliv, m.a. tal på føretak, sysselsette og arbeidstakarar i alt og fordelt på dei viktigaste selskapsformene. Årets utgåve inneheld opplysningar frå dei siste fire åra, slik at utvikling og endringar blir meir tydeleg.

Nettverksbygging i sentralforvaltninga

Orakel har lagt vekt på å vere eksternt retta og oppsøkjande. I tillegg til tradisjonelle verkemiddel slik som presentasjonar og seminar, har gruppa tatt kontakt direkte med departement og underliggjande etatar. Målet er å fange opp og bli kjent med nye tiltak så tidleg som mogleg.

Samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB)

SSB introduserte i 2002 Statistikkbanken på web, med mange opplysningar frå SSB. SSB og NHD har saman etablert eit samarbeid med målsetjing å betre praksis. Det viktigaste er etablering og oppdatering av *Føretaksstatistikken* (presentert over).


Samarbeidet med SSB gjer at Orakel kan framskaffe og formidle taleopplysningar, og dessutan gjere eigne analysar i konkrete saker der det er behov for innspel og merknader.

Vurdering og konklusjon


Etter snart to års drift er senteret etablert som ein del av NHDs faste arbeidsoppgåver. Mange i sentralforvaltninga er godt kjende med verksemda til senteret, og Orakel kan leggje fram nyttige synspunkt slik at forarbeid og vedtaksgrunnlag blir betre.

Orakel vil halde fram med å ha fokus på førehandsførelegging, dvs ein tidleg dialog og eit samarbeid mellom fagdepartementa og Nærings- og handelsdepartementet som berørt departement. Dette gjer det nødvendig å prioritere:

- Bistand til utgreiingar der næringslivet kan bli berørt; m.a. ved å gi råd om kartlegging, bruk av metode og forslag til aktuelle alternative løysingar
- Opplæring i metode og praktisk brukarorientering
- Utvikling av verktøy for vurdering av konsekvensar for næringslivet
- Nettverksbygging og eksternt retta verksemd.



Eit enklare Noreg



Vedlegget til denne tilstandsrapporten inneheld alle tiltaka i handlingsplanen og resultatata frå førre års plan, og kan lesast på www.nhd.no/forenkling: *Tiltaksplan 2004-2005 med resultatrapport 2003-2004*.

Nærings- og handelsdepartementet vil gjerne ta imot synspunkt, forslag eller andre innspel til forenklingsarbeidet. Bruk **Forenklingsskanalen** (www.forenklingsskanalen.no), eller send e-post til forenkling@nhd.dep.no.

Regjeringens handlingsplan for Et enklere Norge: Forenkling og tilrettelegging for næringslivet 2002 (K-0659 B) kan tingast hjå NHD, eller lesast på nettsidene www.nhd.no/forenkling. Der ligg også *Tilstandsrapport 2003*.

Handlingsplanen og tilstandsrapportane finst også på engelsk.

Nærings- og handelsdepartementet

Postboks 8014 Dep

0030 Oslo

Telefon 22 24 66 73

E-post: forenkling@nhd.dep.no

Gjeve ut av:
Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo
www.nhd.no/forenkling

Fleire eksemplar kan tingast frå Nærings- og handelsdepartementet
Telefon: 22 24 66 73
Telefaks: 22 24 66 69
E-post: forenkling@nhd.dep.no

Publikasjonsnummer K-0682N

Design: Mediatekst DA
Trykk: Gan Grafisk

• Regelverket skal gi uttrykk for reelle behov

• Best mogleg samspel i kontakten mellom offentlig sektor og næringslivet

• Regelverkskostnadene for næringslivet skal kunne forsvarast ut frå nytten for samfunnet

• Den næringsdrivande skal aldri måtte rapportere same opplysning meir enn ein gong